



Innst. 305 S

(2012–2013)

Innstilling til Stortinget fra energi- og miljøkomiteen

Prop. 98 S (2012–2013)

Innstilling fra energi- og miljøkomiteen om utbygging og drift av Ivar Aasen-feltet

Til Stortinget

Sammendrag

Ivar Aasen-prosjektet omfattar utbygging av dei tre funna Ivar Aasen, West Cable og Hanz. Ivar Aasen-funnet blei påvist i 2008. Feltet ligg i den midtre delen av Nordsjøen, om lag 10 kilometer nordvest for Edvard Grieg-feltet og om lag 200 kilometer vest for Stavanger, ved Utsirahøgda. Den planlagde produksjonsstarten er fjerde kvartal 2016, og venta produksjonsperiode er 15 år.

Søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift av Ivar Aasen-feltet blei lagt fram i desember 2012, av Det norske oljeselskap ASA, som er operatøren for utbygginga. Rettshavarane som deltek i utbygginga er Det norske oljeselskap ASA (35 prosent), Statoil Petroleum AS (50 pst.) og Bayerngas Norge AS (15 pst.). Alle rettshavarane har tiltrådd utbyggingsplanen.

Det er planlagt å byggje ut feltet med ei botnfast innretning med brønner, anlegg for delvis prosessering og bustadkvarter. Innretninga skal plasserast over Ivar Aasen-funnet. Ivar Aasen-feltet skal koplust opp til Edvard Grieg-feltet for ferdigprosessering, og eksportløysingane er samordna med dette feltet. Gassen er planlagt eksportert via britisk sokkel. Oljen frå dei to felta skal eksporterast i ein ny rørleidning frå Edvard Grieg-feltet til Grane oljerør og vidare til Stureterminalen.

Dei utvinnbare reservane for heile Ivar Aasen-prosjektet er berekna til 18,3 millionar Sm³ olje og 5,3 milliardar Sm³ gass. Til saman utgjør det 23,6

millionar Sm³ o.e., tilsvarande 148 millionar fat o.e. Planlagd produksjonsstart er fjerde kvartal 2016, og venta produksjonsperiode er 15 år.

Produksjonskapasiteten for gass er 3,0 millionar Sm³ per dag og for olje 9 000 Sm³ per dag. Kapasiteten for vassinjeksjon er 28 000 Sm³ per dag.

Dei totale investeringane for utbygginga er av operatøren berekna til 24,7 milliardar 2012-kroner. Dei venta årlege driftskostnadene varierer, men vil i gjennomsnitt vere om lag 850 millionar 2012-kroner i driftsfasen.

Utbygginga av Ivar Aasen-feltet blir gjennomført i ein situasjon med høgt aktivitetsnivå i petroleumssektoren. Det medfører at rettshavarane har behov for å inngå vesentlege kontraktmessige plikter før utbyggingsplanen er godkjend, for å sikre kapasitet hos leverandørindustrien og føreseielege kostnader ved prosjektet.

Olje- og energidepartementet har samtykt i at rettshavarane har inngått kontraktmessige plikter på totalt 7,8 mrd. 2012-kroner for Ivar Aasen-prosjektet. Eksponeringa fram til venta PUD-godkjenning er 1,1 mrd. kroner, inkludert kanselleringskostnader.

Det er gjennomført konsekvensutgreiing for Ivar Aasen-prosjektet. Konsekvensutgreiinga har ikkje avdekt forhold som tilseier at prosjektet ikkje bør gjennomførast, eller at det bør gjennomførast avbøtande tiltak utover dei som ligg til grunn i utbyggingsplanane. Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8–10 er reflekterte, mellom anna gjennom departementet si vurdering av konsekvensutgreiinga, og vil bli følgde opp i gjennomføringa av prosjektet.

Departementet viser til at det er planlagt å nytte ein teknologi for å reinse oljebasert borekaks på bore-riggen før utslepp til sjø. Denne teknologien har vore i bruk på britisk sokkel i fleire år, men ikkje på norsk sokkel enno. Eit program for å vurdere miljøeffekta-

ne ved å bruke denne teknologien på Ivar Aasen-feltet er sett i gang. Skulle denne teknologien ikkje tilfredsstille dei gitte miljøkrava, vil ein alternativ metode for å handtere borekaks vere å sende det til land for vidare behandling. Resultata frå programmet vil bli inkluderte i utsleppssøknaden til Klif.

Ifølgje operatøren vil Ivar Aasen-utbygginga skje i eit område med lite fiskeriaktivitet. Kartleggingane som er blitt gjennomførte, har ikkje, seier operatøren, identifisert korallar eller andre sårbare artar på sjølve feltlokasjonen. Røyrleidningane og kablane frå Ivar Aasen-feltet vil vere overtrålbare, og dei er derfor ikkje venta å vere til ulempe for fiskeriaktiviteten i området.

Kraftbehovet for Ivar Aasen-feltet blir dekt frå Edvard Grieg-innretninga. Departementet viser til at det går for seg utgreiing om ei samordna kraftløysing frå land for felte Dagny, Ivar Aasen og Edvard Grieg og for Johan Sverdrup-funnet. Foreløpige tal frå operatøren indikerer at kraft frå land kan være lønnsamt, men ein endeleg beslutning om prosjektet vil bli tatt på eit seinare tidspunkt.

Edvard Grieg-feltet skal kople seg til ei eventuell felles kraftløysing på Utsirahøgda på det tidspunktet denne er på plass, med mindre departementet av særskilde grunnar bestemmer noko anna. Edvard Grieg-innretninga vil såleis òg forsyne Ivar Aasen-feltet med kraft frå land. Den planlagde oppstarten for ei slik samordna kraft frå land-løysing er 2018.

Rettshavarane i Ivar Aasen-feltet skal bidra aktivt i arbeidet med å greie ut ei samordna kraft frå land-løysing for den sørlege delen av Utsirahøgda. Rettshavarane i feltet skal òg dekkje den forholdsmessige delen sin av kostnadene til utgreiinga. Dersom departementet finn at ei samordna kraft frå land-løysing for den sørlege delen av Utsirahøgda skal realiserast og Ivar Aasen-feltet skal tilknyttast, skal rettshavarane i Ivar Aasen-feltet dekkje den forholdsmessige delen sin av investerings- og driftskostnadene ved ei slik løysing.

Olje- og energidepartementet meiner at utbygginga av Ivar Aasen-feltet er eit økonomisk robust nok prosjekt, som gir god samfunnsøkonomisk lønnsamd og bidreg til god ressursforvalting. Departementet meiner det er sannsynleg at det vil bli nytta forsyningsbase frå Stavanger-området, og at helikoptertransport truleg vil skje frå Stavanger lufthamn, Sola. Driftsorganisasjon blir lagd til Trondheim, og dette er den første feltutbygginga og det første feltet som blir drifta frå Trondheim. Ved sida av Statoil si verksemd i Trøndelag bidreg det ifylgje departementet til å styrkje petroleumsaktiviteten i denne landsdelen.

Departementet foreslår å godkjenne plan for utbygging og drift av Ivar Aasen-feltet i samsvar med dei planane som operatøren har lagt fram, og i sam-

svar med merknadene og særskilde vilkår som det er gjort reie for i Prop. 98 S (2012–2013).

Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Bendiks H. Arnesen, Irene Johansen, Torstein Rudihagen, Tor-Arne Strøm og Eirin Sund, fra Fremskrittspartiet, Per-Willy Amundsen, Oskar J. Grimstad og Henning Skumsvoll, fra Høyre, Nikolai Astrup, Bjørn Lødemel og Siri A. Meling, fra Sosialistisk Venstreparti, Lars Egeland, fra Senterpartiet, lederen Erling Sande, og fra Kristelig Folkeparti, Kjell Ingolf Ropstad, viser til Prop. 98 S (2012–2013) Utbygging og drift av Ivar Aasen-feltet. Komiteen viser til at operatøren, Det norske oljeselskap ASA, har levert plan for utbygging og drift av feltet på vegne av rettighetshaverne, som er Det norske oljeselskap ASA (35 prosent), Statoil Petroleum AS (50 prosent) og Bayerngas Norge AS (15 prosent).

Ivar Aasen var språkforsker og dikter. Han er først og fremst kjent som nynorskens far.

Komiteen viser til at Ivar Aasen-feltet omfatter utbygging av de tre feltene Ivar Aasen, West Cable og Hanz. Ivar Aasen-feltet skal kobles opp til innretningen på Edvard Grieg-feltet for ferdig prosessering, og eksportløsningene er samordnet med Edvard Grieg.

Ifølge operatøren har Ivar Aasen-feltet utvinnbare reserver på 18,3 millioner Sm³ olje, og 5,3 milliarder Sm³ gass. Til sammen utgjør dette 23,6 millioner Sm³ o.e. Planlagt produksjonsstart er fjerde kvartal 2016, og forventet produksjonsperiode er 15 år.

Komiteen viser til at den planlagte utbyggingsløsningen er en bunnfast innretning med brønner, anlegg for delvis prosessering og boligkvarter. Ifølge operatøren innebærer prosjektet en investering på 24,7 mrd. 2012-kroner, og har en nåverdi før skatt på 12,6 mrd. 2012-kroner. Balanseprisen før skatt er 65,7 USD per fat o.e. Komiteen påpeker at tilknytning av ytterligere ressurser fra utvinningstillatelse 457 vil styrke lønnsomheten i prosjektet. Komiteen peker på at Ivar Aasen-innretningen bygges ut med mulighet for tilknytning av sju ekstra brønner. Disse kan eksempelvis brukes til å produsere tilleggsressurser innenfor Ivar Aasen-feltets rekkevidde.

Forsyningsbase for Ivar Aasen feltet blir sannsynligvis i Stavanger-regionen, mens driftsorganisasjonen blir lagt til Trondheim. Komiteen mener dette vil styrke petroleums miljøet i regionen.

Kraftløsning

Ivar Aasen-feltet vil motta kraft fra Edvard Grieg-innretningen, og har dermed ingen egen kraftproduksjon. Ivar Aasen-feltet ligger på Utsirahøyden, og er omfattet av det pågående arbeidet med å utrede en samordnet løsning for kraft fra land for prosjektene på Utsirahøyden. Komiteen viser til at Edvard Grieg, og dermed Ivar Aasen, skal tilknyttes en samordnet løsning for kraft fra land, med mindre Olje- og energidepartementet av særskilte grunner bestemmer noe annet. Rettighetshaverne på Ivar Aasen skal bidra aktivt i arbeidet med å utrede en samordnet løsning for kraft fra land, og dekke sin forholdsmessige del av kostnadene ved utredningen. Komiteen viser til at dersom departementet finner at en samordnet løsning med kraft fra land skal benyttes på Utsirahøyden, og at Ivar Aasen skal tilknyttes, skal rettighetshaverne på Ivar Aasen dekke sine forholdsmessige kostnader av en slik løsning.

Investeringer

Komiteen vil trekke fram at en stor del av investeringene ved Ivar Aasen-feltet vil i følge operatørens konsekvensutredning gå til norske leverandører. Operatøren estimerer at om lag 50 prosent av leveransene i utbyggingsfasen og 93 prosent av leveransene i driftsfasen vil gå til norske leverandører.

Komiteen er kjent med at det i dag er et høyt aktivitetsnivå i petroleumssektoren. Dette har medført at rettighetshaverne har hatt et behov for å inngå kontraktsmessige forpliktelser før plan for utbygging og drift er godkjent.

Komiteen viser til petroleumsloven § 4-2 femte ledd, hvor det framgår at en ikke skal inngå vesentlige kontraktsmessige forpliktelser før plan for utbygging og drift er godkjent, med mindre Olje- og energidepartementet samtykker i det. I henhold til petroleumsloven § 4-2 har departementet adgang til å samtykke i at rettighetshaverne inngår vesentlige kontraktsmessige forpliktelser eller starter byggearbeider før PUD er godkjent. Stortinget innførte dette ved vedtakelsen av den nye petroleumsloven i 1996 (Ot.prp. nr. 43 (1995–1996)), som en tilpasning til endringer i prosjektgjennomføringsmodellen i næringen.

Komiteen understreker at inngåelse av slike kontrakter gjøres på rettighetshavernes risiko, og

ikke binder opp myndighetenes behandling av plan for utbygging og drift.

Medlemene i komiteen frå Framstegspartiet, Høgre og Kristeleg Folkeparti viser til at Olje- og energidepartementet har samtykt i at rettshavarane har inngått kontraktmessige plikter på totalt 7,8 mrd. 2012-kroner for Ivar Aasen-prosjektet. Eksponeringa fram til venta PUD-godkjenning er 1,1 mrd. kroner, inkludert kanselleringskostnader.

Desse medlemene legger til grunn at ordninga med denne type samtykke er noe som skal representere unntaket og ikkje hovudregelen, og at store kanselleringskostnader kan bidra til å stille spørjeteikn ved Stortingets uavhengige vurderingar av utbyggingsprosjektet, sidan staten gjennom petroleumsskattesystemet vil måtte ta ein stor andel av disse kostnadene.

Desse medlemene vil vidare vise til at olje- og energiministeren i eit svarbrev til energi- og miljøkomiteen, datert 7. mai 2013, skriver at Ivar Aasen-utbygginga er omfatta av overgangsordning for endringar i petroleumsskattesystemet som blei lagt frem i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2013. På spørsmål om dei varsla endringane i petroleumsskatten vil ha innverknad på lønsamheita til prosjektet Ivar Aasen, skriver statsråden blant anna at:

«I forbindelse med behandlingen av PUD vurderer Olje- og energidepartementet om utbyggingsprosjektet er samfunnsøkonomisk lønnsomt. Lønnsomhetsberegningene referert i stortingsproposisjonen for Ivar Aasen-utbyggingen er av denne grunn beregninger før skatt. Disse beregningene påvirkes ikke av de forelåtte endringene i petroleumsskatteloven.»

Operatør

Komiteen vil vise til Oljedirektoratets påpekning i plan for utbygging og drift for Ivar Aasen at dette er det første store feltet hvor selskapet Det norske oljeselskap er operatør. Komiteen er enig med Oljedirektoratet at dette gir en ekstra utfordring som selskapet også er oppmerksom på. Komiteen forutsetter at dette løses på god måte, og påpeker i likhet med Oljedirektoratet viktigheten av at de andre rettighetshaverne også bidrar med sin utbyggingserfaring.

Komiteens tilråding

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre slikt

v e d t a k :

Stortinget samtykkjer i at Olje- og energidepartementet godkjenner plan for utbygging og drift av Ivar Aasen-feltet.

Oslo, i energi- og miljøkomiteen, den 16. mai 2013

Erling Sande

leder

Eirin Sund

ordfører